

# Ny flytebryggje allereie fullteikna

Sandane Småbåtlag har investert om lag 1,2 mill. kroner i ny flytebryggje med plass til 20 båtar. Allereie før bryggja kom på plass, var båt plassane selde.

F.T.: Jan Nik. Hansen

Det nyvalde styret starta prosessen med å få ei ny flytebryggje i vår. Bakgrunnen var mange spørsmål om båt plass og ei etter kvart lang venteliste.

– Også det førre styret arbeidde med denne saka, men arbeidet vart lagt på is av omsyn til museet sine planar i området. Som kjent er området ved det gamle slaktehuset tiltenkt museumsformål med den gamle Holvikjekta i nærleiken. I tillegg ønskjer Stiftinga Nordfjordjekt å bygge ein kopi i same området.

## Avtale

– Vi tok kontakt med Nordfjord Folkemuseum og kom fram til ein avtale der vi har fått mellombels løyve til å bruke området. I tillegg har vi fått dei nødvendige klarsignal frå kommunen, seier leiar i Sandane Småbåtlag, Oddny Grote Føleide.

I avtalen ligg det også at partane i fellesskap skal rydde og ruste opp området som i dag ikkje er særleg innbydande.

– Vi kjem til å gjennomføre ein stordugnad til våren. Truleg vil vi plante, lage til plen og gjere det fint, seier Grote Føleide. Vedtaket om å investere i ei ny flytebryggje vart gjort på eit ekstraordinært årsmøte. Kostnaden er stor, om lag 1,2 mill. kroner.

## Fullteikna

Småbåtlaget tok opp lån, men storparten av investeringa vert betalt av dei som kjøper båt plass. I alt er det plass til 20 båtar ved den nye bryggja. Plassane kostar ulikt etter kor store båtane er, men ligg i snitt kring 50.000 kroner.

– Den nye flytebryggja er allereie fullteikna, seier Grote Føleide. Styret og hamnesjefen opnar for ei



Sandane Småbåtlag har investert i ny flytebryggje med plass til 20 båtar. Allereie før bryggja kom på plass, var alle båt plassane selde.

viss rokking av båt plassane for å utnytte kapasiteten best mogeleg. Det er også stadige endringar ved at folk kjøper, sel, går ned, eller meir vanleg opp, i storleik.

Situasjonen no er slik at det er samsvar mellom behov og etter-spørsel etter båt plassar, men det kan endre seg. Styret i Sandane Småbåtlag har bestemt at dei vil sjå på situasjonen igjen når det er ti nye på venteliste. Då kan det bli aktuelt å utvide med ein utriggar dersom det vert behov for det.

## Betong

Den nye bølgebrytande flytebryggja er totalt 80 meter lang, samansett av fire element på 20 meter. Ho er lagt ut på austsida av det utflytte området ved det gamle slaktehuset. Her skal båtane ligge trygt

for vør og vind, året gjennom, men båtane vil bli sette på land før vinteren. Bryggja skal tole isgangen i fjorden. Ho er laga i betong og er levert av Ørsta Stål.

Tidlegare i denne veka var folk frå leverandøren til stades for å setje saman elementa og syte for skikkeleg forankring. Medlemene i båtlaget har laga landfestet på dugnad og har elles vore med på arbeidet.



Medlemmer i Småbåtlaget har delteke i arbeidet med flytebryggja på dugnad. Her er fleire med på mottakinga då dei fire elementa kom med frakteskute.

# Stort steg nærare full breibanddekning

Sogn og Fjordane er eit langt steg nærare full breibanddekning. Det er klart etter at fylket er tildelt 8,2 mill. kr til Breibandloftet.

F.T.: Jan Nik. Hansen

Retttidig for helga vart det klart at sytten breibandprosjekt i 130 kommunar over hele landet får pengar frå fomyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys. Det er løyvd 50 mill. kr gjennom revidert nasjonalbud-

sjett tidlegare. No er det gjeve tilsegn om ytterlegare 30 mill. kr. Samtidig lovar ministeren meir.

## Vårt fylke

Sogn og Fjordane er tildelt 8,2 mill. kr, noko som gjev IT-forum i vårt fylke eit betydeleg løft i den vidare satsinga for å skaffe breiband til alle bygdelag. Totalbudsjettet er på 20,5 mill. kr og omfattar 37 bygdelag. Fem av desse er i Gloppen, Myklebustdalen, Årdal, Hestenesøyra, Ommedal og Vestre Hyen.

– Utbygginga i Sogn og Fjordane er planlagt som eit spleiselag mellom 17 kommunar, fylkeskommunen, næringslivet og staten. No er midlane frå alle partane på plass minus pengane frå kompensasjonsordninga for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift, seier prosjektleiar Geir Strand.

## Stort steg

Han slår fast at den statlege løyvinga er eit stort steg i rett lei. No

manglar det berre 5 mill. kroner frå kompensasjonsordninga for sjølv om det framleis manglar 5 mill. kr?

– Det førstekomande møtet i sekretariatet er i midten av oktober. Då får vi endeleg beskjed om prosjektet vert fullfinansiert, seier Strand. Han karakteriserer tildelinga som kjempegedeleig. Leiar i IKT-forum, Jarle Tvinneheim, er også svært glad for dei statlege midlane som vil utløyse alle sentralane i Nordfjord og dermed gje svært god dekning.

– Kjem nokre kommunar til å starte utbygginga med ein gong

sjølv om det framleis manglar 5 mill. kr? – Det kan hende at enkelte tek risikoen og gjer det, men truleg ikkje dei som får størst økonomisk uttelling slik som Gloppen, Vågsøy og Selje, seier han.